

Informasjonen langs elva sviktar

12.06.2012



Øydelagt skilt på Døsslandsido

**Det er vel og bra og prisverdig at elveeigarlaget har starta med eigen heimeside. Men no må dei også skjerpa seg med omsyn til informasjonen langs elva, for den er nesten fråverande berre få dagar før fiskestarten.**

**Fleire lokale fiskarar peikar på dette og ber uskedalen.no ta ein rundtur og notere seg dei ankepunktene dei har. Og det er desse:**



Ingen informasjon ved bruva i sentrum

\* Dei fine skilta som vart sett opp på parkeringsplassane for få år sidan er borte. På plassen ved Djupeløen er det til dømes ikkje noko skilt og skiltet ved den neste plassen på Døsslandsido ligg splintra i graset.



Ingen aktuell informasjon ved bru oppe i dalen

- \* På tavla ved bru er det ingen informasjon.
- \* På tavla ved Gamleskulen er det berre eit gammalt kart

\* På tavla ved bru midtvegs oppe i dalen er det to ark med gamal og generell, men ingen aktuell informasjon.

Ein av fiskarane seier det slik:

- Eg likar elva i Uskedalen og ønsker at fleire skal komma dit og freiste fiskelykka. Men no må laget skjerpa seg.
- Også dei nye kortprisane har eg reagert på, men det får bli neste skål

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen